




Internrevisjonen i Helse Vest RHF

Oppfølging av brannvern i Helse Stavanger HF

August 2011

Målgruppene for denne rapporten er styret og revisjonskomiteen på regionalt nivå, styra i helseføretaka, formelt ansvarlege i administrasjonen på alle nivå, og utførande fagfolk. Rapporten er eit offentleg dokument og skal vere tilgjengeleg også for media og andre interesserte. Behova varierer, men her er ei lesarrettleiing med to nivå for kor djupt rapporten kan lesast:

1. Innhaldsforteikninga, samandraget og eventuelle kommentarar frå føretaket
2. Hovudrapporten med innleiing, fakta og vurderingar, samt vedlegg

Innhald	3
Samandrag	4
Rapporten	6
1.1 Innleiing	7
1.2 Oppfølging av internrevisjon om brannvern	8
1.3 Organisering av brannvernarbeid.....	9
1.4 Internkontrollsystem.....	12
1.5 Opplæring og øving	17
1.6 Beredskap og evakuering	20
1.7 Tilsyn.....	23
1.8 Bygg, vedlikehald og utstyr	26
Vedlegg	28

Denne rapporten oppsummerar internrevisjon av brannvernområdet i Helse Stavanger HF. Dette er ein del av eit prosjekt for å undersøke om helseføretaka i Helse Vest RHF etterlev brannvernlovgevinga og internkontrollforskrifta. Prosjektet er ei oppfølging av tilsvarende internrevisjon i 2008. Rapportane den gang viste eit visst forbettringspotensiale i dei ulike føretaka.

Følgjande hovudproblemstillingar er formulerte for prosjektet:

- Blir regelverket på brannvernområdet etterlevd i helseføretaka?
- I kva grad har helseføretaka tilstrekkeleg internkontroll på brannvernområdet?
- Korleis har helseføretaka følgd opp rapportane frå brannvernprosjektet i 2008?

Vår hovudkonklusjon er at føretaket arbeider både systematisk riktig og praktisk godt med å sørge for nødvendig tryggleik på dette særskilte grunnleggjande området. Vi finn grunn til å understreke dette, fordi innan eit så regulert område som brannvern vil også vår rapport vere prega av kva som ennå ikkje er heilt på plass.

Vi finn at Helse Stavanger har eit høgt fokus på brannvern og brannførebygging, og føretaket har integrert dette på ein god måte i internkontrollsystemet. Det blei innført ei rekke tiltak etter internrevisjonen si undersøking i 2008. Vi finn likevel ein del forhold som bør betrast.

Undersøkinga viser i 2011 at det elektroniske internkontrollsystemet (EQS) ikkje er tatt i bruk ved alle brannobjekta i Helse Stavanger. Det bør også gjevast opplæring til alle som skal nytte systemet slik at ein sikrar god oversikt og lik praksis innanfor brannvernområdet.

Revisjonen meiner at leiinga av føretaket må syte for å gjennomføre systematisk overvakning og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som føreset (jf internkontrollforskrifta § 5 punkt 8). Det er avdekket at avvik frå regelverket for brannvern og internkontroll blir underrapportert i Synergi. Undersøkinga viser også at det ikkje er utarbeidd rutinar for særskilte tiltak dersom aktiv/passiv brannvarsling er ute av drift (jf FOBTOT § 3-6).

Helse Stavanger har eit godt system for å sikre at brannøvingane er tilpassa verksemda. Det er viktig at alle tilsette gjennomfører både teoretisk og praktisk opplæring og at vikarar har tilstrekkeleg informasjon om opptreden i ein brannsituasjon før dei blir sett i arbeid (jf FOBTOT § 3-3).

Undersøkinga viser at Helse Stavanger framleis må jobbe med å sikre at rømmingsvegar til ei kvar tid tilfredsstiller kravet til rask og sikker evakuering, særleg ved overbe-

legg (jf FOBTOT § 2-3). I tillegg må ein vere merksame på at brann- og røykskiljedører ikkje blir blokkerte.

Tilsyn frå brannvesenet viser at ansvarsforhold og oppgåvedeling i leigde bygg, ikkje er tilstrekkeleg avklart.

Etter internrevisjonen si vurdering bør Helse Stavanger HF:

1. Implementere internkontrollsystemet i alle brannobjekt, og sikre etterleving av alle krava i internkontrollforskrifta. Særleg gjeld det:
 - a. syte for at alle som skal nytte systemet har tilstrekkeleg opplæring og kjennskap til det
 - b. vurdere tiltak for å betre rapporteringa av avvik gjennom avvikssystemet
 - c. utarbeide rutine for særskilde tiltak når aktiv/passiv brannsikring er ute av drift (jf FOBTOT § 3-6 og rettleiar til forskrifta)
 - d. dokumentere at internkontrollsystemet fungerer som føresett
2. Sikre rutinar for å rapportere til eigar av leigde bygg alle tilhøve som kan ha innverknad på branntryggleiken (jf FOBTOT § 2-2, 2.ledd).
3. Ferdigsynfare Lassa rehabilitering for å dokumentere at dei byggtekniske krava i lovverket (jf FOBTOT § 2-1) er tilfredsstilt.
4. Sikre at rømmingsvegar til ei kvar tid tilfredsstiller kravet til rask og sikker evakuering (jf § 2-3), særleg ved overbelegg.

RAPPORTEN

1.1 INNLEIING

1.1.1 FORMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR

Formålet med prosjektet er å undersøkje om helseføretaka i Helse Vest RHF etterlever brannvernlovgevinga og internkontrollforskrifta. Vidare har prosjektet som formål å undersøke korleis helseføretaka har følgd opp funn i internrevisjonsprosjektet om brannvern frå 2008.

På bakgrunn av formålet er følgjande hovudproblemstillingar undersøkt:

- Blir regelverket på brannvernområdet etterlevd i helseføretaka?
- I kva grad har helseføretaka tilstrekkeleg internkontroll på brannvernområdet?
- Korleis har helseføretaka i Helse Vest følgd opp rapportane frå brannvernprosjektet i 2008?

1.1.2 REVISJONSKRITERIER OG METODE

Revisjonskriterier er krav eller forventningar som brukast for å vurdere funna i undersøkingane. Revisjonskriteria skal vere grunna i, eller utleda av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området, f.eks. lovverk og politiske vedtak. Krava på brannvernområdet er ganske omfattande. Vi gjengir hovudtrekka fortløpande i rapporten, og viser til ein nærare omtale i [vedlegg](#).

Det er i prosjektet nytta intervju, spørjeskjema til brannvernleiarar og tilsette i føretaka, dokumentanalyse og samanlikningar for å samle inn data. Dessverre ga spørjeundersøkinga blant tilsette for få svar til å bli nytta som anna enn indikasjonar.

Elles er vår samla vurdering at metodebruk og kjeldetilfang har gitt eit tilstrekkeleg grunnlag til å svare på prosjektet sitt føremål og problemstillingar.

Denne internrevisjonen er dokumentert i rapportar til dei enkelte føretak og oppsummert i ein samlerapport for heile Helse Vest.

1.2 OPPFØLGING AV INTERNREVISJON OM BRANNVERN

For å følge opp tilrådde tiltak i internrevisjonsrapporten frå 2008 utarbeidde Helse Stavanger HF ei styresak (19.02.2009) med handlingsplan. I planen gjekk det fram at alle avvik skulle være lukka og forbetringar sette i kraft innan sommaren 2009.

Tiltaka gjekk mellom anna på betre organisering av vakt og overvakning, samordning av dokumentasjonen, kunnskap om brannvernrutinar, opplæring i brannvern, utarbeiding av risikovurderingar, handtering av avviksmeldingar, reduksjon av korridorpassientar for å sikre rømmingsvegane, og gjennomføring av brannøvingar.

Vi kjem nærare inn på fleire av desse forhold ut over i rapporten.

1.3 ORGANISERING AV BRANNVERNARBEID

1.3.1 KRAV TIL ORGANISERING

Brann – og eksplosjonsvernloven¹ § 6 omhandlar eigar og brukars ansvar for førebyggjande sikringstiltak og vedlikehald. Krava er nærare utdjupa i forskrift til lova. Forskrift om brannførebygging skil mellom eigar av særskilt brannobjekt sitt ansvar (§ 2-1) og brukar/ verksemda i brannobjektet sitt ansvar (§ 2-2) for branntryggleiken.

Kravet til eigar dreiar seg i hovudsak om å syte for at brannobjektet er bygd, vedlikehald og utstyrt i samsvar med regelverket. Dersom andre enn eigar sjølv er brukar av brannobjektet pliktar eigar å etablere samarbeidsordningar med brukar/verksemda for å sikre etterleving av regelverket.

Eit særskilt brannobjekt er definert som byggverk der brann kan medføre tap av mange menneskeliv eller store skadar på helse, miljø eller materielle verdiar. Sjukehus blir definert som særskilte brannobjekt i kategori a.

For eitkvart særskilt brannobjekt skal det vere ein brannvernleiar som skal ivareta brannvernet. Brannvernleiar skal delta i varsla tilsyn og ha tilstrekkeleg kunnskap om brannvernlovgevinga, om dei tekniske og organisatoriske tilhøva i objektet (jf § 3-2).

Brukar/verksemd i brannobjekt er pliktig til å innrette seg slik at brann ikkje lett kan oppstå, og at eksisterande sikringstiltak fungerer som føreset. Det går vidare fram at brukar/ verksemda skal rapportere til eigar om forhold av betydning for branntryggleiken.

Leiaren for branntryggleiksarbeidet treng ikkje gjennomføre brannøvingar i eit brannobjekt, men kan eventuelt legge forholda til rette og sjå til at fastsette opplærings- og øvingsplanar blir følgd i samsvar med krava i forskrifta (jf § 3-3). Dei ulike aktørane sitt ansvar i HMT-arbeidet² skal oppfyllest ved at rutinar og arbeidsoppgåver er dokumentert i verksemda sitt internkontrollsystem.

1.3.2 ORGANISERING I HELSE STAVANGER

Ansvar og oppgåvefordelinga innanfor brannvern i Helse Stavanger går fram av eit eige dokument³. Administrerande direktør har etter delegasjon frå styret det overordna ansvaret for brannvernet ved helseføretaket, opplæring og øvingsprogram, og at det

¹ "Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver"

² HMT står for Helse, Miljø og Tryggleik, eller HMS på bokmål.

³ "Dokument 1906"

finst ein oversikt over oppgåvefordelinga i brannvernarbeidet og ved ein brannsituasjon.

Stabs- og divisjonsdirektørane har ansvar for at personell innanfor si eining kjenner til dokumenta som omhandlar brannvern. Dette gjeld avdelingsvis plan for brannvern, brannvernopplæring og gruppecall ved brann.

Direktør Intern service er ansvarleg for at bygningar, tekniske anlegg og utstyr, brannsikringsanlegg og alarmanlegg drives og vedlikehaldes i samsvar med lovar og reglar.

Ansvarleg brannvernleiar skal på vegner av direktør og direktør for Intern service ivareta den direkte kontakt med brannmyndighetene og har ansvar for å sjå til at bygg, tekniske anlegg, utstyr, sikrings- og alarmanlegg blir drifta og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover. I tillegg skal ansvarleg brannvernleiar sjå til at det ligg føre forskriftsmessig opplæring, øvingsprogram og plan for oppgåve og ansvarsfordeling i branntryggleiksarbeidet. Vidare skal ansvarleg brannvernleiar bistå avdelingane med opplæring, øvingar og introduksjon til nytilsette, samt ivareta den direkte kontakten med lokale brannmyndigheiter.

1.3.2.1 BRANNVERNLEIARAR

I Helse Stavanger er det ikkje gjort endringar i organiseringa av brannvernleiarane sidan 2008.

Alle brannvernleiarane er tilsette i Intern Service og har oppgåver knytt til byggtekniske sider av brannvern, utstyr og anlegg. Ansvarleg brannvernleiar ved Stavanger Universitetssjukehus har ein koordinator funksjon ovanfor dei andre brannobjekta i regionen, og brannvernleiarane ved dei enkelte objekta rapporterar til han. Det går ikkje fram av ansvarsdokument om brannvern kva ansvar og rolle dei enkelte brannvernleiarane ved dei ulike brannobjekta har.

Helse Stavanger har per i dag eigaransvaret for følgjande særskilde brannobjekt:

- Stavanger Universitetssjukehus
- Strand DPS
- Lassa rehabilitering
- Lassahagen
- Egersund sjukehus/Dalane DPS
- Sola DPS

I intervju kjem det fram at det er uklart kven som er brannvernleiar for enkelte av brannobjekta fordi omgrepet "brannvernleiar" ikkje blir nytta om dei som har det daglege ansvaret for den byggtekniske oppfølginga ved det enkelte brannobjektet. Det er berre ansvarleg brannvernleiar som har tittelen "brannvernleiar". Likevel er det i prak-

sis dei som følgjer opp det branntekniske ved bygga, som fungerer som brannvernleiarar.

I revisjonsrapporten frå 2008 blei det kommentert at ein av brannvernleiarane ikkje hadde fått tilstrekkeleg opplæring i regelverket. I 2011 var det tre brannvernleiarar som svarte at dei hadde *delvis* innsikt i dei naudsyste rettsreglar som regulerer brann- og eksplosjonstryggleik. Ein av dei var *verken einig eller ueinig*. Alle opplyser at dei har fått tilbod om naudsynt opplæring for å ivareta sine oppgåver som brannvernleiar, medan ein opplyser å ikkje ha deltatt i slik opplæring.

1.3.2.2 RESSURSAR TIL BRANNVERNARBEIDET

I spørjeundersøkinga 2011 svarte brannvernleiarane at det blir sett av tilstrekkelege ressursar til brannvernarbeidet. Dei er i stor grad einige i at leiinga prioriterer branntryggleik tilstrekkeleg til at krava i lovverket blir etterlevd. Dette er samanfallande med svara på spørjeundersøkinga i 2008.

I kommentarfelt utdjupar brannvernleiarar at det i nokre tilfelle kan gå (litt) lang tid før det blir stilt pengar til disposisjon for å få utført naudsynt arbeid.

1.3.3 VURDERING AV ORGANISERING

Helse Stavanger tilfredsstiller krava i lovverket til organisering av brannvernarbeidet, og har definert ansvar og oppgåvefordeling på brannvernområdet i internkontrollsystemet.

1.4 INTERNKONTROLLSYSTEM

1.4.1 KRAV OM INTERNKONTROLL

I brann- og eksplosjonsvernlova går det fram at verksemder har plikt til å gjennomføre eit systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid for å sikre at krava i lova blir etterlevd. Det skal kunne dokumenterast for tilsynsmyndigheiter at regelverk og vedtak blir etterlevd (jf brannvernlova § 8 sjå vedlegg). Internkontrollforskrifta⁴ har meir detaljerte reglar som definerer ansvar og krav til innhaldet i internkontrollen.

Plikta til å innføre og utøve internkontroll er lagt til "den som er ansvarlig" for verksemda. Den som er ansvarleg for verksemda har også plikt til å syte for at internkontrollen blir overvaka og gjennomgått for å sikre at den fungerer som føreset.

Verksemder som omfattar både arbeidstakarar og brukarar, som til dømes sjukehus, har ansvar for helse, miljø og tryggleik for begge grupper. Internkontrollen må då inkludere både tilsette og brukarar (jf kommentarar til § 4 i internkontrollforskrifta).

Det går fram av forskrifta at eigar av særskilt brannobjekt skal syte for at branntryggleiken er tilfredsstillande dokumentert, og at dokumentasjonen skal omfatte tekniske og organisatoriske tiltak (jf § 3-1, 1. og 2. ledd).

1.4.2 INTERNKONTROLLSYSTEM I HELSE STAVANGER

1.4.2.1 ELEKTRONISK INTERNKONTROLLSYSTEM

Det blei i internrevisjonsrapporten frå 2008 peika på behov for målsettingar for brannvernarbeidet, og at målsettingane blei kommunisert til dei tilsette. Undersøkinga viste også at det var behov for å sikre at tilsette hadde kjennskap til korleis dei skulle melde avvik, at det blei utarbeidd rutinar for brannvernarbeidet og at desse blei implementert og etterlevd. Undersøkinga viste også at alle tilsette ikkje hadde god nok kjennskap til brannførebyggande rutinar.

Helse Stavanger har no innført EQS som elektronisk internkontrollsystem, og blei gjeldande frå februar 2011 for heile føretaket. EQS er kopla til sakshandsamingssystemet i helseføretaket slik at alle internkontrolldokument som blir utarbeidd, automatisk blir lagra i ei eiga mappe for kvar divisjon.

EQS inneheld ein oversikt over organiseringa av brannvern, der det går fram mål, ansvar, organisering, rutinar og rutineskildringar, branninstruks, reglar for førebygging,

⁴ "Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter"

evakueringsplan, avviksmelding, dokumentasjonskrav og kva ein gjer etter ein brann. Vidare er det lagt inn eigne prosedyrar ved brannalarm og gruppecall ved brann. I EQS ligg det ein eigen mal for avdelingsvise planar for brannvern som avdelingane nyttar for å lage slike planar.

1.4.2.2 DOKUMENTASJON PÅ BRANNTRYGGLEIK

Internrevisjonen peika i 2008 på at Helse Stavanger hadde eit forbettringspotensial når det gjaldt å sikre etterleving av krava til dokumentasjon på branntryggleik.

Dette vart det i 2009 tatt tak i, jamfør styresaka om oppfølging av internrevisjonsrapporten. Det blei lagt vekt på at overordna brannvernleiar hadde møte med toppleiargruppa for gjennomgang av rutinar for lagring og oppfølging av branndokumentasjon. Vidare vart det understreka at det var etablert ei omfattande informasjonsverksemd om avdelingsleiarane sitt ansvar med omsyn til dokumentasjonskrav, samt oppfølging av studentar/ nyttilsette. I saka kjem det også fram at det blei sett i verk eit arbeid med samordning av dokumentasjon knytt til brannvern via eit nytt kvalitetsstyringssystem.

Vi finn i 2011 planar om er å legge inn alle dokument i EQS-systemet innan utgangen av året. I intervju får vi opplyst at ikkje alle brannvernleiarane har fått opplæring i bruk av EQS og har fått tilgang til systemet. Dermed blir det gamle systemet framleis nytta.

Det er utarbeidd eit rettleiingshefte for branndokumentasjon, som viser at det er oppretta ei eiga saksmappe for kvar divisjon/stab der all resultatdokumentasjon skal ligge og reviderast. Brannvernleiar skal ha tilgang til systemet. Resultatdokument er dei dokumenta som skal oppdaterast årleg i helseføretaket sitt sakshandsamingssystem (ePhorte), og som mellom anna dokumenterer kven som ikkje har vore på kurs.

1.4.2.3 OPPFØLGING AV INTERNKONTROLLSYSTEMET

Helse Stavanger har innført rutinar for månadleg eigenkontroll av brannvernutstyret, som blir dokumentert på eit eige skjema. Alle sjekklistar knytt til krav på brannvernområdet ligg i EQS, og det går fram når rutinar blir oppdaterte og reviderte. Siste versjon av den overordna brannvernrutinen blei oppdatert 13.01.09.

HMT og kvalitetsleiar har i oppgåve å samle dokumentasjon, utarbeide rutinar og gje teknisk bistand til ansvarleg brannvernleiar i EQS. Kvalitetsleiar har fokus på utforming og oppdatering av prosedyrar. Brannvernleiarane og divisjons/ avdelingsleiarane følgjer opp dei enkelte rutinane i systemet. Det blir opplyst at brannvernleiarane tidlegare gjekk saman med HMT-avdelinga på interne revisjonar. Denne ordninga har falle bort, men ein prøver å sette dette i system igjen.

1.4.2.4 RISIKOANALYSAR

Internrevisjonen fann i 2008 at ikkje alle einingar hadde gjennomført risikoanalysar, som var skriftleg dokumentert.

I direktøren si styresak i etterkant av internrevisjonen (15.2.200) går det fram at avdelingsleiarar fekk ansvaret for å gjennomføre årlege risikoanalysar for brannvern. Divisjonsleiinga skulle også følgje opp risikoanalysane ved utarbeiding og oppfølging av avdelingsvise handlingsplanar. Det vart også vist at det er utarbeidd malar og prosedyrar for ROS-analysar, som skal nyttast av avdelingane i periodar med auka risiko, til dømes ombyggingar.

I 2011 går det fram at føretaket har fastsett rutinar og mal for å gjennomføre årlege risikovurderingar. Gjennomgang av risikovurderingane i 2011 viser at det ikkje ligg føre ein skriftleg risikoanalyse for Egersund sjukehus, men brannvernleiar opplyser at det er gjennomført.

Overordna brannvernleiar får inn risikoanalysane for den enkelte avdeling/divisjon. Direktør for intern service fortel i intervju at lister over gjennomførte risikoanalysar er tatt opp av administrerande direktør i AMU og i leiargruppa.

Undersøkinga viser at ein ikkje har ein overordna risikoanalyse for heile helseføretaket.

1.4.2.5 AVVIKSMELDINGSSYSTEM

Synergi var tatt i bruk som avviksmeldingssystem for heile Helse Vest ved førre gjennomgang av brannvernarbeidet, og det er dette systemet som framleis blir nytta for melding om manglande etterleving av regleverket for brannvern. Helse Stavanger har laga eit hefte som viser korleis sakshandsaming i Synergi skal skje.

Det blir opplyst i 2011 at ansvarleg brannvernleiar i føretaket ikkje har tilgang til alle avviksmeldingar som gjeld brannvern, men berre dei som gjeld divisjon Intern Service. Vi får vidare opplyst at slik tilgang kan gis, om ønskjeleg for brannvernleiar.

Service bestillingar (utbetring av utstyr, vedlikehald ol) skjer innanfor eit anna system. Det blir opplyst at enkelte ser at slike ting kunne ført til fare for brann og melder det i Synergi.

I spørjeundersøkinga i 2011 var det framleis ein del av dei tilsette som ikkje kjente til rutinane for å melde avvik, feil eller manglar på brannvernutstyr (26,9 % eller 91 respondentar). 23 % (78 respondentar) opplyste at dei ikkje veit korleis dei skal melde avvik via systemet.

Undersøkinga i 2011 viser at det gjennomgåande er ein god kultur for å melde avvik knytt til brannvern.

Helse Stavanger har frå innføringa av Synergi og fram til våren 2011 mottatt 132 brannrelaterte avviksmeldingar. Det blir opplyst at det truleg er underrapportering i forhold til blokkering av rømmingsvegar. Det er ikkje utarbeidd ein rutine for gjennomgang av alle avviksmeldingar. Vi får høyre at kvalitetsleiar likevel får god oversikt over dei fleste avvika fordi ho deltar i kvalitetsutvalet.

1.4.2.6 ANDRE RUTINAR OG STYRANDE DOKUMENT

Gjennomgangen i 2008 viste at Helse Stavanger hadde utarbeidd tilfredsstillande rutinar på brannvernområdet, men at det var ein del tilsette som ikkje kjente desse rutinane godt nok. Alle rutinane går no fram av EQS.

I spørjeundersøkinga i 2011 går det fram at det er nokre få tilsette (22 respondentar) som ikkje er kjent med rutinar for brannvern og -førebygging ved avdelinga dei jobbar.

I Helse Vest er det innført vernerundar som skal gjennomførast ein gong i veka. Til dette arbeid er tatt i bruk ei standard sjekkliste. Eit av sjekkpunkta er om rømmingsvegane er merka og frie for hindringar. I intervju går det fram at denne prosedyre er innført i Helse Stavanger.

VAKT OG OVERVAKING

Internrevisjonen meinte i 2008 at helseføretaket burde kartlegge behovet for vakt og overvaking på kveld og natt stod i høve til opplevd risiko. Ved Stavanger Universitets-sjukehus, Lassa rehabilitering og Egersund sjukehus svarte brannvernleiarane at dei ikkje viste om vaktordninga på kveld og natt står i høve til opplevd risiko. Beredskapssystemet for callingvakt fungerte ikkje på det tidspunktet.

I 2011 meiner ein av brannvernleiarane at vaktordninga på kveld og natt ikkje er tilpassa risikoen ved brannobjektet.

SÆRSKILTE TILTAK

Undersøkinga i 2008 viste at brannvernleiarane ikkje var kjent med rutinar for særskilte tiltak når brannsikringa og/eller alarmar er ute av drift. I verifisering av rapporten viste føretaket til at det var utarbeidd slike rutinar. Det ligg ikkje føre ein slik rutine i den oversikten som revisjonen har fått av EQS.

På spørsmål til brannvernleiarane i 2011 var det to brannvernleiarar som svarte at dei ikkje kjente til ein slik rutine, og ein som svarte at det ikkje er etablert rutinar for særskilte tiltak når brannsikringa og/eller alarmar er ute av drift.

1.4.3 VURDERING AV INTERNKONTROLLEN

Helse Stavanger har vidareutvikla internkontrollsystemet innan brannvern, men EQS systemet er ikkje tatt i bruk fult ut. Rutineverket som ligg i EQS framstår som systematisk og oversiktleg. Det er likevel avdekka mangel på rutinar for særskilte tiltak dersom varslingsystem er ute av drift (jf FOBTOT § 3-6 og rettleiar til forskrifta, s. 47).

Det er ikkje dokumentert at Helse Stavanger gjennomfører jamleg gjennomgang av internkontrollsystemet i samsvar med kravet i §§ 4 og 5 nr. 8 i internkontrollforskrifta.

1.5 OPPLÆRING OG ØVING

1.5.1 KRAV TIL OPPLÆRING OG ØVING

I forskrift om brannførebygging er det krav om at alle tilsette og leiarar skal ha brannvernopplæring og gjennomføre regelmessige brannøvingar. Nytilsette og vikarar skal ha tilstrekkeleg informasjon om opptreden ved ein brannsituasjon før dei blir sett i arbeid (jf FOBTOT § 3-3, sjå vedlegg).

I same forskrift går det fram at brannøvingar bør ha eit mål, vere tilpassa risikoen i objektet og evaluerast i ettertid (jf § 3-1). For sjukehus blir det anbefalt at alle tilsette deltar i minst ei øving i året. I rettleiaren går det vidare fram at planlagde øvingar bør fordelast utover året for å fange opp nattevakter, nytilsette, vikarar, deltidspersonell og leiarar på alle nivå. Det blir også peika på at nattevakter bør ha hyppigare brannøvingar på grunn av stort ansvar ved ein eventuell brann (s. 44).

I rettleiar går det fram at brannøvingar bør sjåast i samanheng med risikoen i objektet. I særskilte brannobjekt der det er nødvendig med assistert rømming, er det spesielt viktig at ein trenar på evakuering.

Når det gjelder gjennomførte øvingar, må både plan, gjennomføring og oppfølging dokumenterast (ref. FOBTOT § 3-1, sjå vedlegg).

1.5.2 OPPLÆRING I HELSE STAVANGER

I 2008 viste internrevisjonen si undersøking at ikkje alle tilsette hadde fått opplæring i brannvern og rutinar for førebygging. 12% av dei tilsette som svara på undersøkinga hadde ikkje fått opplæring. Av dess var 1/3 ikkje fast tilsette. Det blei mellom anna tilrådd at helseføretaket sette fokus på å gje grunnleggjande opplæring til nytilsette og vikarar.

Det blir i samband med undersøkinga i 2011 gjeve uttrykk for at ein er sårbar i ferieperiodar, fordi ein har mange vikarar. Difor er det svært viktig å ha fokus på at dei som er på jobb har kunnskap til å handle rett dersom det skulle oppstå ein brann.

Helse Stavanger nyttar e-læringsprogrammet som er felles for heile Helse Vest, men det er ikkje obligatorisk. Derimot er det obligatorisk å delta på ein teoritime om brannvern. Brannvernleiarane som underviser lagar lister over alle som har deltatt på opplæringstimen, og melder dette til avdelingane slik at dette kan nyttast som dokumentasjon av opplæringa.

Utfordringa per i dag er å ha oversikt over kven som ikkje har deltatt på opplæring, og det varierer i kva grad dette blir følgt opp ved avdelingane. Ansvarleg brannvernleiar rapporterer til AMU kor mange som har meldt seg på til brannvernopplæring, og kor

mange som har deltatt. Det er ikkje mogleg for brannvernleiarane å finne ut kor mange tilsette som ikkje har gjennomført opplæringa, og helseføretaket får ikkje ein samla oversikt over deltakingsprosenten.

I spørjeundersøkinga blant dei tilsette i 2011 var det berre 5% (17 respondentar) som svara at dei ikkje hadde fått opplæring. Det var 5 respondentar som ikkje har fast stilling ved den avdelinga dei jobbar som svara at det ikkje har fått opplæring.

6,5 % (22 respondentar) svarte at dei ikkje er kjent med rutinar for brannvern og brannførebyggjande tiltak ved avdelinga der dei jobbar. Når det gjaldt påstanden om rutina- ne for brannvern og brannførebyggjande tiltak fungerer på ein god måte i den daglege verksemda ved avdelinga der dei jobbar, var dei fleste respondentane *heilt* eller *delvis* einige.

Det er nokre tilsette som opplyser at dei er usikre på korleis oksygenkolbar i avdeling- ane skal sikrast. Det blir også trekt fram at det ved fleire avdelingar er problem med plassering av senger og utstyr i korridorar. I tillegg til at overbelegg med korridorpassi- entar i nokre tilfeller fører til hindringar i rømningsvegar, og av og til blokkerer for sløkkeutstyr.

1.5.3 BRANNØVINGAR I HELSE STAVANGER

Internrevisjonen peika i rapporten frå 2008 på at helseføretaket måtte syte for å gjennomføre brannøvingar basert på risikoen i dei særskilde brannobjekta.

I samband med undersøkinga i 2011 blir det opplyst at alle tilsette i Helse Stavanger skal ha eit praktisk brannkurs/ sløkkeøving innan første halvår som tilsett i føretaket. Det er behov for å ha eigne sløkkeøvingar ved Lassahagen og Lassa rehabilitering fordi det er vanskeleg for tilsette der å finne tid til å delta på fellesøving ved Stavanger Uni- versitetssjukehus.

Avdelingar har ansvar for og gjennomfører ulike lokalt tilpassa øvingar. Mange gjennomfører teoretiske evakueringsøvingar, medan andre har praktisk øving på evaku- ering. Psykiatrisk divisjon har hyppige øvingar, og mykje fokus på å drille brannvern- rutinar på grunn av høg risiko for brann.

Alle avdelingar skal dokumentere gjennomførte øvingar på eit eige skjema i EQS. Det er ikkje laga overordna øvingsplanar for helseføretaket, men den enkelte avdeling har ansvar for å arrangere øvingar to gonger i året. Avdelingar som har mange nattevakter, kallar inn nattevaktene til eigne øvingar.

85,8 % av respondentane på spørjeundersøkinga i 2011 hadde deltatt i praktisk brannøving ved avdelinga der dei jobbar⁵. Nesten 40% av respondentane hadde også deltatt i evakueringsøving, og ni av dei hadde vore med på øving med korridorpasientar.

1.5.3.1 KULTUR FOR BRANNVERNARBEID

Undersøkinga i 2008 viste at dei tilsette i stor grad opplevde at det var fokus på brannforebyggjande arbeid i leiinga ved dei ulike avdelingane i Helse Stavanger.

Brannvernleiarane svarte i undersøkinga i 2011 at leiinga i stor grad har fokus på brannvern. I intervju kjem det fram at det kan variere noko frå avdeling til avdeling kor oppteken dei er av å følgje opp krav til brannforebyggjande arbeid, opplæring og øvingar. Generelt er det vanskeleg å få leiarar og legar til å delta på opplæring, men det blir vist til at dette har betra seg ved at leiinga har fokus på at alle skal delta.

I 2011 er brannvernleiarane i stor grad einige i at tilsette har eit tilstrekkeleg fokus på branntryggleik. Blant tilsette er det større variasjon i svara på spørsmål om brannforebygging og brannsikring har høg prioritet der dei jobbar. Tilsette som svarte på spørjeundersøkinga var i stor grad einige i at brannforebygging og brannsikring har høg prioritet ved avdelinga der dei jobbar.

Brannvernleiarane opplever i 2011 at tilsette gjennomgåande er flinke til å følgje opp brannvern og -forebygging ved dei ulike brannobjekta.

1.5.4 VURDERING AV OPPLÆRING OG ØVING

Helse Stavanger har gode rutinar for gjennomføring av brannvernopplæring og øvingar. Det er ikkje mogeleg å få oversikt over den totale deltakingsprosenten blant tilsette i føretaket. Det er framleis ei utfordring å fange opp alle tilsette. Det er difor viktig å fortsette å halde fokus på at alle som arbeider i særskilte brannobjekt skal ha opplæring i brannforebyggjande tiltak og delta i brannøvingar.

⁵. Spørsmålsstillinga har ikkje tatt høgde for teoretisk øving.

1.6 BEREDSKAP OG EVAKUERING

1.6.1 KRAV TIL BEREDSKAP OG EVAKUERING

I forskrifta blir det stilt krav til at verksemda/brukar skal utarbeide og sette i verk ordensreglar og instruksar som regulerer brannførebyggande og -bekjempende tiltak. I særskilte brannobjekt skal det også utarbeidast rednings- og beredskapsplanar, som jamleg blir vedlikehaldt og revidert (jf. FOBTOT § 3-4, sjå vedlegg).

I rettleiaren til forskrifta går det også fram at der det er krav til rednings- og beredskapsplanar, må alle tilsette være kjent med og ha øvd etter planane (kap.3, s. 44).

Eigar av særskilte brannobjekt har ansvaret for å sikre at rømmingsvegar til ei kvar tid tilfredsstillar kravet til rask og sikkert rømming. Eigar skal i tillegg syte for at rømmingsvegar har et tilfredsstillande ledesystem, der det er nødvendig (jf § 2-3, sjå vedlegg).

1.6.2 BEREDSKAP OG EVAKUERING I HELSE STAVANGER

1.6.2.1 BEREDSKAP

Funn frå 2008 viste at det ikkje var utarbeidd beredskapsplanar for alle særskilte brannobjekt og at ikkje alle brannvernleiarar var orientert om beredskapsplanar for særskilte brannobjekt. I 2011 viser undersøkinga at kvar divisjon skal ha utarbeidd eigne avdelingsvise planar for brannvern, etter ein mal som ligg i EQS. Det er divisjonsdirektørane som har ansvar for at kvar avdeling har ein eigen beredskapsplan for, men det er ikkje laga ein oversikt over kor mange som har fått dette på plass.

Helseføretaket innførte i 2009 eit system for gruppecall ved brann, som skal sikre at kvalifisert personell er disponibelt ved ein alvorleg brannsituasjon. Det er utarbeidd ein oversikt over kva funksjonar ved ulike avdelingar som skal inngå i gruppecall.

I EQS går det fram at dersom det oppstår brann skal ansvarleg brannvernleiar, divisjonsdirektøren, direktør for Intern Service og føretakshovudverneombod varslast umiddelbart etter at brannvesenet er varsla. Det blir ikkje alltid gitt melding til ansvarleg brannvernleiar om brann eller branntilløp. Ved større branntilfelle blir ansvarleg brannvernleiar oftast orientert og deltar i debriefing.

Helse Stavanger har rutinar for å gjennomføre debriefing etter brann og branntilløp, for å gjennomgå hendinga, og vurdere eventuelt behov for justeringar og tema det bør fokuserast på i øvingar.

Det blir i intervju peika på at ein ikkje har utarbeidd ein intern beredskapsplan dersom det blir behov for ei omfattande evakuering av universitetssjukehuset. Det er tatt opp med Stavanger kommune at sjukehuset har ei utfordring med mykje trafikk inn og ut på sjukehusområdet, og difor ikkje noko tilgjengeleg naudareal.

1.6.2.2 EVAKUERING

Undersøkinga i 2008 avdekka at ein ikkje til ei kvar tid klarar å oppretthalde kravet til rask og sikker evakuering på grunn av hindringar i rømmingsvegar og ved overbelegg.

Etter rapporten ble det til styret i Helse Stavanger opplyst at det blei oppretta eit team på 18 personar/ funksjonar med calling for å styrkja behovet for rask og sikker evakuering mellom anna på kveld og natt. Prosedyren for teamet blei utarbeidd av brannvernleiar. Ansvarlege for teamet er administrerende direktør, divisjonsdirektør og linjeleiinga.

I EQS går det fram at kvar avdeling skal ha utarbeidd ein branninstruks. Det er ikkje laga oversikt over kor mange som har utarbeidd slike instruksar i 2011.

Alle tilsette og leiarar ved dei enkelte avdelingane har no i følgje helseføretaket sine rutinar ansvar for å sjå til at rømmingsvegane er frie. Dette skal i tillegg sjekkast i samband med vernerunden kvar veke. Brannvernleiar som ofte går rundar på Stavanger Universitetssjukehus opplyser at det hender dei finn noko som sperrer brann- og røykskiljedører.

Ein brannvernleiar opplyser i 2011 at ein ikkje til ei kvar tid klarar å sikre at rømmingsvegar dekkjer behovet for rask og sikker evakuering. Alle brannvernleiarane var *delvis einige* i at tilsette som arbeider i brannobjektet er godt førebudd på ei eventuell evakuering.

Dei tilsette svarar i 2011 at dei i stor grad er einige i at ein til ei kvar tid klarer å syte for at rømmingsvegar er ryddig og opne. Det var også nokre tilsette som svarte at dei var *delvis* og *heilt ueinige* i dette (til saman 43 respondentar).

Blant dei tilsette som svarte på spørjeundersøkinga i 2011 var det berre ein liten del (2,9 % eller 10 respondentar) som svarte at dei ikkje kjenner evakueringsplanane for avdelinga der dei jobbar. Det er prosentvis fleire som kjenner evakueringsrutinar i 2011, enn ved undersøkinga i 2008.

1.6.3 VURDERING AV EVAKUERING OG BEREDSKAP I HELSE STAVANGER

Helse Stavanger har gode rutinar for beredskap og utarbeiding av avdelingsvise branninstruksar og beredskapsplanar. Undersøkinga viser i 2011 at helseføretaket framleis har behov for å sikre at evakueringsrutene til ei kvar tid tilfredsstiller kravet til rask og sikker rømming (jf. FOBTOT § 2-3), særleg ved overbelegg. Det er også viktig å unngå at brann- og røykskiljedører blir blokkerte.

1.7 TILSYN

1.7.1 KRAV OM TILSYN

I brann- og eksplosjonsvernlova går det fram at det er kommunen som skal identifisere og ha oversikt over særskilte brannobjekt. Det er kommunen som har ansvaret for at det blir gjennomført tilsyn med denne typen bygg, og tilsynet skal omfatte alle tilhøve som har innverknad på branntryggleiken (jf brannvernlova § 13 sjå vedlegg).

Frå Helse Vest RHF går det fram av styringsdokumentet til helseføretaka at administrasjonen mellom anna skal rapportere månadleg til styra og Helse Vest RHF på status i tilsynssaker frå Helsetilsynet og andre myndigheitsorgan. Helse Vest har i samband med det utarbeidd eit rapporteringsskjema som skal nyttast av alle føretak.

1.7.2 TILSYN I HELSE STAVANGER

Internrevisjonen i 2008 viste at Helse Stavanger hadde ei utfordring når det gjaldt å lukke avvik knytt til konsekvensar av overbelegg ved Stavanger Universitetssjukehus. Det var på det tidspunktet forsøkt å innføre rutinar for å sikre at avvika blei lukka, men ein var avhengige av at dette blei følgt opp på divisjons-/avdelingsnivå.

Undersøkinga frå 2011 viser at Stavanger Universitetssjukehus enno har utfordringar med korridorpasientar, og som tidvis medfører hindringar i evakueringsruter. Det blir opplyst at brannvesenet ikkje lenger gjev dagbøter på grunn av dette, men at sjukehuset jamt over har mellom 30 – 40 korridorpasientar.

Tilsynsrapportane blir oversendt frå brannvesenet til administrerande direktør i Helse Stavanger HF. Ansvarleg brannvernleiar og HMT og kvalitetsleiar deltar på tilsynsbesøk ved Stavanger Universitetssjukehus. Ved dei andre brannobjekta deltar lokal brannvernleiar som representant for eigar.

Helse Stavanger har tatt i bruk det nye rapporteringsskjema og rapporterer på kvart møte til styret i føretaket. Rapporteringsskjemaet skal gi ei oversikt over når brev frå tilsynsmyndigheit vart gitt, kva tilsynet omfatta og status for oppfølging. Dette skal vidare rapporterast til RHF gjennom verksemdsrapporteringa.

TILSYN VED SUS

I tilsynsrapport for 2009 hadde brannvesenet to merknader.

